

Statsråden

Alle fylkeskommunane
Innovasjon Noreg (hovudkontor og distriktskontor)
Noregs forskingsråd
Oslo kommune
SIVA

Dykkar ref

Vår ref
07/50-2 HMJ

Dato
05.10.2007

Orientering om forslag til statsbudsjett for 2008 - Programkategori 13.50 Regional- og distriktpolitikk - Førebels rammer

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) vil med dette informera om forslaget frå regjeringa til budsjett for 2008 for gjennomføring av distrikts- og regionalpolitikken og om førebels fordeling av budsjettramma over programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Sjå St.prp. nr. 1 (2007-2008) for meir informasjon. Endeleg oppdragsbrev og tilskotsbrev vil bli sendt ut etter at Stortinget har handsama budsjettforslaget. Det kan koma endringar i rammene og i fordelinga av midlar. Dette orienteringsbrevet må difor bli sett på som eit grunnlag for planlegging.

I Rammer for 2008 under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk
Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2008 ei samla løvning på **2 374,229 mill. kr** over programkategori 13.50, inkludert vidareføring av kompensasjonstiltak for auka arbeidsgivaravgift. Dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane under KRD aukar i 2008 med 115 mill. kr, utanom kompensasjonsmidlane for differensiert arbeidsgivaravgift. Statsbudsjettet fører dermed vidare distriktsløftet som regjeringa lova i Soria Moria-erklæringa. Distriktsløftet er også nærmere konkretisert i St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet*.

Fordeling av samla løyvingar over programkategori 13.50 på kap./poster, i tusen kr

	<i>2007</i>	<i>2008</i>
--	-------------	-------------

<ul style="list-style-type: none"> • Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling, kap. 551, post 60 (eksklusivt Oppland) • Utviklingsmidlar til Oppland fylkeskommune, kap. 551, post 64, for vidareføringa av forsøket "Fritt fram". (Summen inkluderer også midlar tildelt frå andre dept., men er unntakse midlar frå kap 551, post 61) • Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift kap. 551, post 61 • Transportstøtte, kap. 551, post 70 (jf. tilsegnspunkt i St.prp. nr. (2005-2006)) • Nasjonale tiltak for regional utvikling, kap. 552, post 72 • Kunnskapsutvikling, informasjon mv. under KRD, kap. 552, post 21 • Kompetansesenter for distriktsutvikling, kap. 554, post 01 	<table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <thead> <tr> <th style="text-align: left;"></th><th style="text-align: right;">1 149 890</th><th style="text-align: right;">1 231 850</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td></td><td style="text-align: right;">83 589¹</td><td style="text-align: right;">67 129</td></tr> <tr> <td></td><td style="text-align: right;">755 000</td><td style="text-align: right;">663 750</td></tr> <tr> <td></td><td style="text-align: right;">375 000</td><td style="text-align: right;">0</td></tr> <tr> <td></td><td style="text-align: right;">372 600</td><td style="text-align: right;">384 500</td></tr> <tr> <td></td><td style="text-align: right;">10 400</td><td style="text-align: right;">11 000</td></tr> <tr> <td></td><td style="text-align: right;">500</td><td style="text-align: right;">16 000</td></tr> </tbody> </table>		1 149 890	1 231 850		83 589 ¹	67 129		755 000	663 750		375 000	0		372 600	384 500		10 400	11 000		500	16 000
	1 149 890	1 231 850																				
	83 589 ¹	67 129																				
	755 000	663 750																				
	375 000	0																				
	372 600	384 500																				
	10 400	11 000																				
	500	16 000																				

Følgjande prioriteringar er sentrale i budsjettet for 2008:

- Auke i regionale utviklingsmidlar til fylkeskommunane
- Ny støtteordning for små nyestablerte vekstbedrifter i det distriktpolitiske verkeområdet(NyVekst)
- Etablering av Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktscenteret)
- Bidrag til å utløyse innovasjon i Nord-Noreg
- Styrkt innsats for auka kvinnedel blant etablerarar og utviklarar av verksemder
- Etablering av fleire Norwegian Centres of Expertise (NCE)
- Styrkt arbeid med stadutvikling

Hovuddelen av budsjettauken blir lagt på tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling. Ein del av denne auken er midlar til den nye støtteordninga for nystarta føretak. Dei andre prioriteringane er i hovudsak resultat av omprioriteringar i budsjettet i høve til 2007. I pkt. IV under er rammer og nye prioriteringar for dei enkelte postane presen-

¹ Tala for 2007 er ikkje dei same som står i St.prp. nr. 1 da 2,08 mill. kr vart overført frå kap. 551, post 60 til kap. 551, post 64 etter saldert budsjett, som resultat av justering av fylkesfordelinga.

terte nærmere. I tillegg har vi lagt ved førebels oversikt over fylkesfordelinga av ramma på kap. 551, post 60 (vedlegg 1).

II Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Statsbudsjettet tar m.a. utgangspunkt i St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggja til rette for at alle skal vera fri til å busetja seg der dei ønskjer, og å utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet. For å nå desse måla er det viktig å fremma utvikling av arbeidsplassar, gode tenestetilbod og attraktive stader i alle delar av landet. Statleg innsats på mange politikk-område har stor verknad for desse måla.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane under programkategori 13.50 er ein ekstrainnssats som skal styrkja grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar, og skal i hovudsak brukast innanfor det distrikts-politiske verkeområdet. Nokre av midlane kan nyttast utanfor verkeområdet for å medverka til å utløysa regionale potensial for verdiskaping.

Midlane skal medverka til å styrkja verdiskapinga i ulike typar næringsmiljø og til utvikling av attraktive arbeidsplassar gjennom å fremma innovasjon, omstilling og nyetable-ringar. Midlane skal også medverka til utvikling av lokal infrastruktur og kompetanse og av attraktive stader.

For 2008 legg departementet særleg vekt på at innsats for entreprenørskap og nyetable-ringar blir tilpassa utfordringar som møter kvinner og unge etablerarar. Departementet legg opp til at bruken av dei distrikts- og regionalpolitisk virkemidlane skal bidra til ein monaleg auke i delen nyetablerarar som er kvinner, og at 40 pst. av dei næringsretta verkemidlane skal treffa kvinner innan 2013. Dette krev målretta innsats og aktiv oppfølging i verkemiddelordningar og program, både frå dei nasjonale verkemiddelaktøra-ne og frå fylkeskommunane.

Erfaringane frå gjennomgangen av den innovasjonsretta innsatsen over program-kategori 13.50 i Nord-Noreg syner at det er behov for at fylka i samarbeid med det regionale partnarskapet og verkemiddelaktørane utformar ein meir regionalt tilpassa innovasjonspolitikk. Dette er også relevant for fleire andre fylke.

III Førebels rammer og fordelingar for dei enkelte tilskotspostane

Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Regjeringa foreslår å løyva 1 231,85 mill. kr over kap. 551, post 60 for 2008, som vil bli fordelte til fylkeskommunane². Førebels fylkesfordeling av midlane går fram av vedlegg 1. Ramma til fylka blir fastsett etter både objektive kriterium og skjøn:

- *Objektive kriterium:* Fordelinga av ramma mellom fylka skjer i hovudsak på grunnlag av folketal innanfor dei enkelte sonene av det distriktpolitiske verkeområdet,

² I tillegg kjem 61,65 mill. kr til Oppland til same formål, men som blir fordelt over kap. 551 post 64, jf eigen omtale av denne posten.

med vekting av sonene etter distriktpolitisk prioritet. Dei nye kommunane i verkeområdet fekk i 2007 ei noko lågare vekting som ein overgangsordning for innfasing av det nye verkeområdet. Frå 2008 har desse kommunane fått vekting på line med andre kommunar i same sone. Nokre fylke med stor del nye kommunar i verkeområdet har difor fått ein større auke i verkemidlane enn andre fylke i 2008.

- *Skjøn:* Tildelinga til omstettingsutfordringar er noko lågare i 2007 enn i 2008 på grunn av færre innspel frå fylka. Sjå oversikt i vedlegg 2 over områda som er lagt til grunn for tildelinga. Gjennom tildelinga etter skjøn medverkar departementet også til at kommunale næringsfond kan bli tilført midlar tilsvarende same nivå som i 2007. I tillegg er bidraget frå departementet til grenseregionalt programsamarbeid synleggjort på dei deltakande fylka etter ei førebels sjablongmessig fordeling, jf. vedlegg 2. Midlar til dei ulike programma vil av praktiske omsyn bli overførte direkte til sekretariatsfylka.

Spesielle tema

- *Kvinner og unge*

Departementet ber fylkeskommunane om å medverka til at innsats for kvinner og unge i aukande grad blir prioritert innanfor løvingane til kap 551, post 60, post 61 og post 64. Departementet vil m.a. oppfordre fylkeskommunane om å fastsetje måltal for kvinner innanfor næringsretta tiltak.

- *Ny ordning for stønad til små nyestablerte vekstføretak i det distriktpolitiske verkeområdet (NyVekst)*

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å utnytta handlingsrommet som det nye regionalstøtteregelverket i EØS-området gir. Departementet vil difor samarbeida med fylkeskommunane og Innovasjon Noreg om å oppretta ei ny stønadsordning retta mot små nyestablerte vekstføretak i det distriktpolitiske virkeområdet. Ordninga er spesiell da ho opnar for å gi stønad over fleire år på grunnlag av viktige driftsutgifter for etablerarar. Ordninga skal medverka til at fleire etablerarar med særskilte vekstpotensial kan få realisert sin idé, og at gjennomførings- og overlevingsevna for nyleg etablerte føretak med stort vekstpotensial aukar. Departementet har ambisjonar om at om lag 40 pst. av midlane skal gå til vekstbedrifter som er eigm eller leia av kvinner.

Departementet legg opp til at ordninga skal bli forvalta av Innovasjon Noreg og at ho i hovudsak skal bli finansiert over dei desentraliserte midlane til fylkeskommunane, på line med anna føretaksstøtte. Difor inkluderer auken i midlane til fylkeskommunane til saman 35 mill. kr som grunnlag for å kunna ta i bruk den nye ordninga. Den fylkesvise fordelinga av midlane skjer med utgangspunkt i fordelingsnøkkelen på posten, og er vist i ein eigen kolonne i vedlegg 1. I tillegg vil Innovasjon Noreg få tildelt 5 mill. kr som skal brukast i samfinansiering med regionale midlar for å sikre ei utjamning slik at gode prosjekt i heile verkeområdet kan få støtte, også prosjekt i dei fylka som i utgangspunktet får ein svært liten del av dei 35 mill. kr.

Normalt vil føretaka få stønad i tre år, og grunnlaget for stønaden vil variera med storleiken på føretaket. Difor kan mellom 15 og 35 verksemder kome inn i ordninga i 2008, avhengig av storleiken på stønaden til kvar verksemd og storleiken på ordninga i kvart fylke. Storleiken på ordninga i kvart fylke vil vera avhengig av at fylkeskommunane prioriterer dette ut frå vurderingar av behov m.m., men departementet legg vekt på at ordninga blir tatt i bruk.

Departementet tar sikte på ei opptrapping av ordninga i samsvar med intensjonen om å ta i bruk handlingsrommet innanfor regionalstøtteregelverket, men må vurdera dette i høve til budsjettsituasjonen. Innovasjon Noreg har vurdert behovet for ordninga til å vera på rundt 100 mill. kr årleg.

Innovasjon Noreg har fått i oppgåve å utvikla konkrete kriterium og retningsliner for bruk av ordninga samt å følgja opp regionkontora med rettleiing, informasjon og utvikling av felles praksis. Ordninga må elles bli notifisert overfor ESA.

I og med at ordninga vil medføra stønad til same verksemd over fleire år, er det viktig å sikra at Innovasjon Noreg har grunnlag for å kunna gi verksemda lovnader om dette med etterhald om budsjettsituasjonen. Departementet legg difor til grunn at fylkeskommunane og regionkontora avklarar seg i mellom korleis dei skal følgja opp gitte tilsegner innanfor rammene for ordninga som fylkeskommunen og Innovasjon Noreg blir einige om i det enkelte fylke for kvart år.

- *Tilhøvet til pilotprosjekt under Småsamfunnssatsinga og Kultur og næring over kap. 552, post 72*

Departementet legg opp til å gi tilskot til utviklings- og pilotprosjekt under Småsamfunnssatsinga og satsinga på Kultur og næring over kap. 552, post 72 også i 2008. Noko av midlane vil bli brukte til å vidareføra støtte til prosjekt som vart sett i gong i 2007, men departementet legg opp til å bruka om lag 15 mill. kr til saman på nye utviklings- og pilotprosjekt i 2008. Departementet legg vekt på at satsingane blir sett i samanheng ved utval av nye prosjekt, og at bruken av midlane blir sett i samanheng med tilsvarende satsingar i fylka over kap. 551, post 60. Fordelinga til dei ulike prosjekta vil difor skje i samspel med fylkeskommunane. Departementet vil koma tilbake med meir informasjon om opplegg for å få fram aktuelle utviklings- og pilotprosjekt i eit eige brev i haust. I og med at det blir lagt opp til færre nye prosjekt i 2008 i høve til 2007, vil departementet vurdera om opplegget med å senda inn søknader frå fylka bør endrast.

Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift

Regjeringa har foreslått ei løyving på 663,75 mill. kr på denne posten for 2008. Løyvinga i 2008 skal også dekkja tilsegn på 140 mill. kr gitt i tilsegnsmakt over budsjettet for 2007. I tillegg dekkjer løyvinga ei tilsegnsmakt på 100 mill. kr som kjem til utbetaling i 2009. Departementet kan difor disponera ei ramme på 623,75 mill.kr for 2008. Departemen-

mentet vil koma tilbake til den fylkesvise fordelinga av rammene når desse ligg føre ved årsskiftet 2007/2008.

Departementet vil også i tilskotsbrev til fylkeskommunane fastsetja nærmere korleis restbeløpet grunna endringar i utrekninga av kompensasjon for innføring av differensiert arbeidsgivaravgift i 2008 skal nyttast.

Kap. 551, post 64 Utviklingsmidlar til Oppland fylkeskommune – "Fritt fram."

Regjeringa legg opp til at forsøket "Fritt fram" i Oppland blir forlenga i to år, fram til 31.12.09. I det forlenga forsøket er Miljøverndepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Landbruksdepartementet med, i tillegg til Kommunal- og regionaldepartementet.

Forslaget til ramme til Oppland fylkeskommune for 2008 er på 67,129 mill. kr, jf. vedlegg 3. Ramma dekkjer midlar frå både kap. 551, post 60 over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet og midlar frå dei andre departementa som er med i forsøket. Beløpet er mindre enn i 2007 fordi Arbeids- og inkluderingsdepartementet ikkje er med i det forlenga forsøket. Midlar over kap. 551, post 61 kjem i tillegg.

Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Regjeringa foreslår ei løyving på 384,5 mill. kr over posten i 2008. Dette er ein auke på om lag 12 mill. kr i høve til 2007.

I oversiktane nedanfor viser vi førebels fordeling av ramma for 2008 på program og innsatsområde i Innovasjon Noreg, SIVA, Noregs forskingsråd og Kommunal- og regionaldepartementet, sett i høve til 2007.

Endeleg fordeling mellom aktørar, program og innsatsområde vil bli nedfelte i oppdragsbrevet for 2008. Verkemiddelaktørane kan gjera mindre justeringar mellom program og innsatsområde innanfor desse rammene. Vi ber likevel om at eventuelle ønske frå SIVA, Innovasjon Noreg eller Noregs forskingsråd om endringar i fordelinga av midlar på program og innsatsområde blir tekne opp i god tid før halvårsmøta i haust.

Kvinner og unge er prioriterte målgrupper. Departementet legg opp til at ekstrainnsatsen for kvinner aukar frå 6 mill. kr i budsjettet for 2007 til om lag 16,5 mill. kr i 2008, med vekt på entreprenørskap. Midlane vil bli fordelt på kvinnedel i VRD-programmet, i Inkubatorprogrammet og i ekstrasatsing på kvinner og entreprenørskap under Innovasjon Noreg. I tillegg vil departementet prioritere midlar til å styrkja den strategiske kompetansen til unge. Departementet syner elles til arbeidet med setja måltal for kvinnedel i utvalde program i 2008 og i resten av programma i 2009.

Kultur og næring. KRD vil i oppdragsbrevet for 2008 koma tilbake til utvikling av programsatsingar innanfor Kulturinkubator og IN-kompetanse/FRAM-kultur.

- **SIVA, samla økonomisk ramme 65,5 mill. kr**

Arbeidsmål	Program	2007	Førebels 2008
1.1 Styrkja næringsmiljø	Næringshageprogrammet	25,5	25,5
	Inkubatorprogrammet	18	15
	Regionalisering og nettverk m.v.	3	3
1.3 Entreprenørskap	Kvinnelege gründarar i næringshagane	5	5
	Kvinnesatsing i inkubatorprogrammet		3
	Industriinkubatorar m.m.	15	14

Arbeidsmål 1.1 Næringsmiljø og innovasjonssystem

Inkubatorprogrammet. Departementet legg opp til ei noko redusert generell ramme til programmet i 2008 i høve til 2007. I den samanhengen vil departementet understreka at KRD si del av finansiering av programmet bl.a. skal medverka til å sikra inkubatorverksamhet primært innanfor det distriktpolitiske verkeområdet, herunder utvikling av distribuerte inkubatorar. Sjå elles kvinnesatsinga i Inkubatorprogrammet nedanfor.

Arbeidsmål 1.3 Lønnsame etableringar

Grunnlag for fleire industriinkubatorar. Departementet legg til rette for etablering av fleire industriinkubatorar på stader med omstillings- og nyskapingsbehov, og mellom anna å vidareføra finansieringa av dei nystarta inkubatorane i Nord-Noreg (Harstad og Hammerfest).

Auka kvinnesatsing. Departementet legg til rette for ei kvinnesatsing i Inkubatorprogrammet på 3 mill. kr i 2008, samt vidareføring frå 2007 av kvinnesatsinga i næringshagane på 5 mill kr.

- **Innovasjon Noreg, samla økonomisk ramme 143,5 mill. kr**

Arbeidsmål	Program og satsingar	2007 ³	Førebels 2008
1.1 Styrkja næringsmiljø	Arena-programmet	18	18
	NCE programmet	30	35
1.2 Vidareutvikla etablerte føretak	BIT-programmet	7,5	6,5
	Kompetanseprogrammet	5	4
	GRO-programmet	7	7
	Internasjonale fleirføretaksprosjekt	1	1
	Designprogrammet	5	5
	NT-programmet	15	0
1.3 Entreprenørskap	NyVekst (samfinansieringspott)	0	5
	Ekstrasatsing for kvinner og entreprenørskap	2	5
	Unge i fokus	7	7
	Mentorordning for unge	0	3
	Anna satsing på entreprenørskap	5,5	5,5
	Inkubatorstipend	21	17
	FORNY	4	4
Tverrgåande tema, Tenesteutvikling, analyser, profilering	Regional omstilling	8	8
	Kvinner i fokus	5,5	5,5
	Næringsutvikling i kommunane		2
	Analyser, evalueringar, profilering	5	5
Eingongsløyvingar 2007	Teken	1	0
	Svalbard	2	0

Ramma til Innovasjon Noreg er redusert med 6 mill kr fra 2007. 3 mill kr av desse var spesielle eingongsløyvingar. Utfasing av NT-programmet samt mindre omprioriteringar mellom nokre program gir grunnlag for auka satsingar på andre område i 2008, samstundes som hovuddelen av programverksemda blir vidareført.

Arbeidsmål 1.1 Næringsmiljø og innovasjonssystem

Fleire NCE. Departementet aukar løyvinga til etablering av ny NCE i 2008 og til styrking av aktuelle miljø sitt kandidatur for NCE gjennom Arenaprogrammet.

³ Fordelinga av løyvingar på arbeidsmål samsvarar ikkje heilt med orienteringsbrevet for 2007 da plaseringa av program på dei ulike arbeidsmåla er justert og tala er oppdatert i høve til oppdragsbrevet.

Arbeidsmål 1.2 Auka innovasjonsevna i etablerte bedrifter

I tillegg til utfasinga av NT-programmet som planlagt, legg departementet opp til noko redusert innsats i BIT og Kompetanseprogrammet/IN-kompetanse.

Arbeidsmål 1.3 Lønnsame etableringar

Ny ordning for små vekstføretak. Departementet legg vekt på at Innovasjon Noreg får ei sentral rolle i forvaltning og utvikling av den nye ordninga for små vekstføretak i det distriktspolitiske verkeområdet. Til administrasjon av ordninga vil det bli løyvd 4 mill. kr til Innovasjon Noreg over administrasjonsløyvinga til Nærings- og handelsdepartementet. Desse midlane skal nyttast til utvikling av retningsliner for ordninga, rettleiing, informasjon og utvikling av felles praksis overfor regionkontora, til sakshandsaming og til rapportering.

Departementet legg opp til at hovuddelen av midlane til den nye ordninga blir kanalisiert via kap. 551, post 60. I tillegg vil Innovasjon Noreg få ei tildeling med 5 mill. kr som skal brukast til samfinansiering med regionale midlar. Sjå elles samla omtale av ordninga i eige avsnitt under kap. 551, post 60.

Auka entreprenørskap blant unge og kvinner. Departementet legg opp til at Innovasjon Noreg i 2008 skal auka ekstrasatsinga retta mot entreprenørskap blant kvinner til 5 mill. kr i 2008. Midlane skal nyttast til forsterka satsingar på dei kvinnelærtta programma Kvinner i Fokus og GRO, og til tiltak for m.a. å synleggjera gode rollemodellar, informasjonsspreiing og kompetanse- og erfaringsutveksling. Departementet vil også styrkja innsatsen i Innovasjon Noreg for å heva den strategiske kompetansen til unge etablerarar gjennom t.d. mentorordningar med 3 mill. kr. Departementet ønskjer ein dialog med Innovasjon Noreg om bruken av midlane retta mot kvinner og unge og vil ta initiativ til dette.

Kompetanse for næringsutvikling i kommunane. Departementet legg opp til at om lag 2 mill. kr av løyvinga i 2008 til Innovasjon Noreg skal nyttast til å følgja opp arbeidet med å styrkja kompetansen for næringsutvikling i kommunane. Løyvinga må sjåast i samanheng med løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet.

Inkubatorstipend. Departementet legg opp til ei noko redusert løyving til inkubatorstipend i 2008, i samband med igangsettinga av NyVekst som fangar opp nokre av den same målgruppa. Departementet legg samstundes til grunn at dei ulike stipendordningane overfor etablerarar som blir forvalta av Innovasjon Noreg, blir sett i samanheng.

- **Noregs forskingsråd, samla økonomisk ramme 47,5 mill. kr**

Mål	Program	2007	Førebels 2008
1.1 Styrkja næringsmiljø	VRI (Verkemidlar for regional FoU og innovasjon)	28	28
	Kultursatsing i VRI	2,5	2,5
	Kvinner i VRI (tidlegare kvinner og entreprenørskap)	2	6,5
1.3 Entreprenørskap	FORNY	12,5	10,5

Arbeidsmål 1.1 Næringsmiljø og innovasjonssystem

Styrking av VRI-programmet. For 2008 legg departementet opp til å auka løyvingane til VRI-programmet. Vidareføring frå 2007 av ein spesiell innsats for å fremma kulturbaserete næringar gjennom VRI-programmet ligg innbaka i løyvinga. Utover dette skal auken i løyvinga brukast til å styrkja kvinnedelen som er med i programmet.

Arbeidsmål 1.3 Lønnsame etableringar

FORNY-programmet. Departementet legg opp til noko reduksjon av midlane til FORNY-programmet, og legg vekt på at midlane frå KRD skal prioriterast til FORNY-høgskule.

- **Spesielle satsingar**

Tabellen nedanfor er ein oversikt over ei førebels fordeling av midlar på andre satsingar og program finansiert over programområde 13.50.

Program og innsatsområde	2007	Førebels 2008
Småsamfunnssatsinga, pilotar	31,5	20
MERKUR og utviklingsstøtte til småbutikkar	14	14
Kompetancesenter for distriktsutvikling	2	16
Innovasjon i Nord-Noreg	-	10
Merkur bokhandel	2,5	2,5
Attraktive stader	4	10
Kultur og næring	15	15
Internasjonalt arbeid	31,6	38,9
Ungt entreprenørskap	6	6
Storbyprosjektet	3	4

Distrikтssenteret. Departementet legg opp til at det nye Kompetancesenteret for distriktsutvikling (Distrikтssenteret) blir etablert i 2008. Dette er viktig, mellom anna for å styrkja arbeidet med oppbygging og spreiing av kunnskap om lokalsamfunnsutvikling.

Distriktsenteret vil få avdelingar både i Alstahaug, Sogndal og Steinkjer, med til saman mellom 16 og 20 tilsette.

Småsamfunnspilotar. Departementet sett av midlar til utviklings- og pilotprosjekt i småsamfunnssatsinga også i 2008, jf. omtale under avsnittet om kap. 551, post 60.

Innovasjon i Nord-Noreg. Departementet legg opp til ein særskilt innsats i Nord-Noreg i 2008 for å medverka til å styrkja det innovasjonsretta arbeidet i landsdelen, særleg innanfor olje og gass og reiseliv. Midlane skal bli forvalta av mellom anna Innovasjon Noreg, SIVA og Noregs forskingsråd. Departementet legg vekt på at innhaldet i denne særskilte innsatsen skal bli sett i samanheng med og styrkja det eksisterande innovasjonsretta arbeidet i fylka. Det gjeld spesielt bruken av dei desentraliserte verkemidlane over kap. 551, post 60 og post 61, og programverksemda i landsdelen frå dei nasjonale verkemiddelaktørane finansiert over kap. 552, post 72. Dette vil vi koma nærare tilbake til i tildelings- og oppdragsbrev.

Attraktive stader. Den auka innsatsen for utvikling av attraktive stader vil i hovudsak gå til programmet BLEST under Husbanken. Målet er å vidareutvikla kunnskap og kompetanse om stadutvikling lokalt og regionalt. Det vil også bli initiert konkrete utviklingsprosjekt.

MERKUR-bokhandel: Departementet vil støtta opp om utsette bokhandlarar gjennom eit eige program for 2007 og 2008. Dette kjem i tillegg til eksisterande MERKUR-program og utviklingsstøtte til utkantbutikkar.

Kultur og næring. Midlane til ekstrainnsatsen for kultur og næring skal nyttast både til utviklings- og pilotprosjekt og til utvikling av program under Innovasjon Noreg og SIVA for å leggja til rette for verdiskaping i kulturbaserte næringar i område utanfor dei store byane. Jf. elles omtale av arbeidet med pilotar i avsnittet under omtalen kap. 551, post 60.

Internasjonalt arbeid: Den økonomiske ramma for deltagkinga i dei transnasjonale og dei interregionale programma i Interreg IV-perioden vert videreført på same nivå som i siste programperiode. Årsaka til auken i midlane over kap. 552, post 72 for 2008 er at den samla finansieringsperioden er redusert med eit år.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

- Vedlegg:
1. Oversikt over fordeling av midlar over kap. 551, post 60
 2. Oversikt over grunnlaget for skjønnstildeling av omstillingsmidlar og sjablongfordelinga av nasjonale midlar til grenseregionalt samarbeid
 3. Oversikt over midlar til forsøket Fritt fram i Oppland

Likelydande brev sendt til:

Alle fylkeskommunane

Innovasjon Noreg (hovudkontor og distriktskontor)

Noregs forskingsråd

Oslo kommune

SIVA